



{ Kirkeuka for fred i Palestina og Israel }

20.-27. september 2015



SAMLINGSBØN

Gode Gud, takk for at du ved din heilage Ande på nytt samlar oss i di kyrkje. Vi kjem fram for deg, du vårt opphav, vår frelse og vårt håp. I desse tider ber vi på sterke bilete frå all smerte og redsle som rammar menneske i alle aldrar. Vi ber for dei som opplever undertrykking og krigshandlingar i Midtausten, Afrika og Aust-Europa. Lat ditt ord og ditt lys skine her med oss og alle stader, så vi ikkje blir motlause, men får kjenne krafta i din kjærleik, ved Jesus Kristus. Amen.